



Anmeldelser

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes tidsskriftet@legeforeningen.no

Kokebok i medisinsk utdanning


John A. Dent, Ronald M. Harden, red.

A practical guide for medical teachers

2. utg. 436 s, tab, ill. Oxford: Elsevier, 2005.

Pris GBP 40

ISBN 0-433-10083-7



Ronald M. Harden er professor i medisinsk utdanning ved University of Dundee, mangeårig redaktør av tidsskriftet *Medical Teacher* og således en sentral skikkelse innen medisinsk pedagogikk.

Denne boken som han har redigert sammen med ortoped John A. Dent, inneholder bidrag fra om lag 50 kolleger. Formålet er praktisk, nemlig å redusere avstanden mellom pedagogisk teori og entusiastisk læring, slik det heter i forordet.

Hvert kapittel er ordnet i sju seksjoner. Under overskriften *Studieplaner* gjennomgås kjennetegn ved grunn-, videre- og etterutdanningen. *Lærings situasjoner* tar for seg forelesninger, smågruppeundervisning, ferdighetstrening osv. *Læringsstrategier* handler blant annet om integrasjon, selvstudium og problembasert læring.

Undervisningshjelpemidler er konsentrert om mer tekniske sider av medisinsk utdanning, blant annet bruk av simulatorer og dataprogrammer. Under *Studietemaer* drøftes utfordringer knyttet til formidling av bestemte fagområder som kommunikasjon og etikk. *Evaluering* er viet en gjennomgang av ulike sider ved eksaminasjon, testing og sertifisering, mens siste del, *Lærere og studenter*, setter søkelyset på aktørene i undervisningssituasjonen.

Hvert enkelt kapittel har en noenlunde ensartet oppbygning med en kort introduksjon, en avsluttende oppsummering og rikelig med litteraturreferanser. Det er også tallrike margtekster som understreker hovedbudskapet, samt enkelte tabeller og grafiske fremstillinger.

Teksten er praktisk rettet – i tråd med redaktørenes uttalte intensjoner. Men der ligger også problemet. Boken har et kokebokaktig, instrumentelt preg, som i alle fall ikke klarer å vekke denne anmelders entusiasme. Noen ordentlig innføring i pedagogisk teori får man heller ikke – på dette

punktet blir fremstillingen for grunn. Det forekommer nok enkelte gode tips for dem som er ansvarlig for å planlegge nye undervisningsopplegg, det være seg i grunn-, videre- eller etterutdanningen. Men er man på jakt etter teoretisk kunnskap om formidling eller inspirasjon til egen læring, finnes det langt bedre bøker.

Vegard Bruun Wyller

Barneklirikken
Rikshospitalet


Korleis legar forstår faget sitt

Kathryn Montgomery

How doctors think

Clinical judgment and the practice of medicine. 246 s, tab, ill. Oxford: Oxford University Press, 2006. Pris USD 40

ISBN 0-19-518712-1



Kathryn Montgomery (tidlegare Montgomery Hunter) er professor ved Northwestern University Feinberg School of Medicine i USA. Ho har undervist medisinstudentane i «the humanities», som har vore eige

fag i medisinstudiet frå midten av 1970-talet. Mange lesarar kjenner henne også som forfattar av *Doctors stories*, som i 1991 introduserte tanken om medisin som fortelling og fortolking, narrativ medisin.

Hennar nye bok kan lesast som ei vidareføring. Ein bærande idé i begge bøkene er at medisin verken er vitenskap eller kunst, men ein rasjonell og praktisk retta fortolkningsaktivitet der både kunnskap om human biologi, klinisk erfaring, gode diagnostiske og terapeutiske evner og kunnskap om menneskers livsvilkår er nødvendig for å kunne gjere ein skikkeleg jobb. Medisin er ikkje ein vitenskap, for legar må handle. Og kompleksiteten og usikkerheita som utgjør handlingsgrunnlaget for klinisk medisin er det motsette av det ein kan omtale som sikker vitenskap.

Denne i og for seg enkle innsikta går som ein rød tråd gjennom heile boka. Forfattaren påpeikar misforholdet mellom medisinen

sjølvoppfatning som vitenskap og den praktiske kvardagen alle kliniske legar står i. Forfattaren tar mål av seg til å skildre det som med ein vitenskapsteoretisk omgrep bruk kan omtalast som eit epistemologisk skotom: ein er blind på eit område utan å vere klar over at ein er det. Medisinen forstår ikkje seg sjølv som praksis, difor er han heller ikkje i stand til å karakterisere, undervise og vidareutvikle det som er medisinenes dyd og moralske kjerne, den kliniske dømmekrafta, som vert utvikla ved å resonnerer praktisk og nytte det på det ein skilde individet.

Stoffet er delt opp i fire delar, til saman 12 kapittel. Dei første tre kapitla handlar om medisin som praksis, dei siste ni om ulike aspekt ved klinisk skjønn. Det er eit omfattande noteverk til kvart kapittel og eit oversiktleg person- og sakregister.

Kate Montgomery er ikkje lege, men filolog. Slik eg ser det, er det berre ein fordel. Ho har avstand til fagområdet og kan ytre seg med større autoritet når ho sjølv ikkje er ein del av det. Ho har gode analytiske evner og eit stort skrivetalent. Både første og siste kapittel er vakre fortellingar frå hennar eige liv, om dattera sin kreftsjukdom og møtet med helsevesenet. Boka er fri frå lettvent legekritikk. Tvert om understrekar forfattaren at medisinen fungerer godt i praksis trass i det synsfeltutfallet som pregar leganes sjølvforståing.

Eg har fått mykje ut av lesinga. Men ikkje alt er like vellukka. Boka hadde ikkje blitt dårlegare om ho hadde blitt noko stramma inn. Eit par kapittel kunne gjerne gått ut. Einskilde hovudpoeng blir hamra så kraftig inn at ein ikkje berre sit igjen med medvitet om vårt eige faglege synsfeltutfall, men også står i fare for å utvikle ein særeigen tinnitus, ein øyresus om at medisinen ikkje er, aldri har vore, og aldri kan bli vitenskap åleine. Av og til kan ei sanning bli gjentatt for ofte.

John Nessa

Institutt for samfunnsmedisinske fag
Universitetet i Bergen